

[Skriv her]

Vår dato:

22.11.2020

Vår ref:

2020/6047

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Møre og Romsdal  
v/ kommunedirektør

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Mette Nerbøberg, 71 25 85 28

## Invitasjon til kommunane i Møre og Romsdal om å delta i kartlegging av utvalde levekårsområder

Satsing på gode levekår, å førebyggje uønskt utvikling og sikre god helse, er eit av samfunnet sine viktigaste ansvarsområde. Dei fleste kommunane i landet planlegg no med tanke på å bygge robuste berekraftige kommunar som har både ein økonomisk, ein miljømessig og ein sosial dimensjon, i tråd med FN sin berekraftsmål. I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging for 2019-2023 legg regjeringa vekt på at både staten, regionane og kommunane skal arbeide for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse.

God helse, høg trivsel og god livskvalitet er ikkje berre eit resultat av individuelle forhold og levevanar, men vert også påverka av levekår og strukturelle forhold som inntekt, arbeid, oppvekst, utdanning, bo- og nærmiljø.

Det krevst brei kunnskap om lokale forhold når ein skal planlegge målretta. I samband med utarbeiding av dei kommunale planstrategiane har mange kommunar utarbeidd ei skriftleg oversikt over folkehelsa, for å identifisere kva som hemmar og kva som fremmer utvikling av god helse. Desse vil gi ein god peikepinn på kva slags område ein bør satse på dei neste åra.

For å få meir kunnskap på tvers av fagområde om situasjonen i kommunane på utvalde levekårsområde har Møre og Romsdal Idrettskrets, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal samarbeidd om ei kortfatta spørjeundersøking som vert sendt ut til alle kommunane i fylket vårt. Det vi får vite gjennom denne undersøkinga vil gi oss som samarbeidspartar ei godt grunnlag for å arbeide målretta dei neste åra. Undersøkinga vil også gi meir kunnskap som er viktig for planlegging og utvikling av



kommunane. Det vil og kunne vere ei god støtte for å identifisere faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa.

Vedlagt ligg ei lenke til questback vi ber kommunen fylle ut. Det er ønskeleg at kommunedirektøren og hans/hennar stab tek ansvar for å svare ut spørsmåla. Svarfrist for undersøkinga er 15. januar 2021. Fylkesmannen, fylkeskommunen og idrettskretsen vil utarbeide ein rapport på bakgrunn av dei svara vi får, og publisere resultatane så snart det lar seg gjere.

Undersøkinga har 31 spørsmål. Dei fleste av spørsmål skal svarast ja/nei eller gradert frå ein til seks. Dei er delt opp i seks temaområde:

- Folkehelse og planarbeid
- Medverknad
- Bustad/nærområde
- Helse
- Sosiale skilnader
- Frivilligheit og kultur

Etter kvart av temaområde er det rom for å gi ein kort samla kommentar til spørsmåla, dersom det er vanskeleg å svare, eller andre moment ein ønskjer å få fram.

<https://response.questback.com/mreogromsdalfylke/bbs6wnktdv>

Vi ber kommunane i fylket vere venleg å svare på undersøkinga slik at vi kan få ny oppdatert kunnskap som vi treng for å bygge opp under utviklinga av gode lokalsamfunn for alle i Møre og Romsdal.

Med helsing

Berit Brendskag Lied  
Ass. fylkesmann

Gunn Randi Seime  
Ass. fylkeskommunedirektør

Roar Lervik  
Org.sjef Møre og Romsdal idrettskrets

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Fylkesmannen i  
Møre og Romsdal



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



## Mottakere:

Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Tingvoll kommune	Midtvågevegen 2	6630	TINGVOLL
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA